

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 03.06.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Revidert nasjonalbudsjett 2020**  
  
**ARKIVSAK:** 2020/485  
**STYRESAK:** **081/20**  
  
**STYREMØTE:** **17.06.2020**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektene til helseføretaka blir justert med følgende beløp i heile tusen kroner:

Endringar i inntektsramma for 2020 - RNB (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2020 Konsembudsjett- sak 013/20	6 720 883	3 440 102	10 756 879	2 705 803	846 006	3 173 113	27 642 786
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Koronatilak	243 815	124 797	390 229	98 159	25 000	155 000	1 037 000
<b>Endringar i inntektsfordelinga</b>							0
Pensjon	-192 914	-112 523	-288 029	-72 745		-10 396	-676 607
Pensjon holdt tilbake i RHF						42 607	42 607
Bjørvin fengsel (korrigeret klassifisering)			-5 000				-5 000
Kompetanse og nettverksbygging «Kropp og sjølvkjendsle» (mail fra Hans)			164			-164	0
<b>Endring øremerka tilskot</b>							0
Bjørvin fengsel (korrigeret klassifisering)			5 000				5 000
Nasjonale kompetanetenester - bevegelsesforstyrningar (korreksjon)	160					-160	0
<b>Sum endringar</b>	<b>51 061</b>	<b>12 274</b>	<b>102 364</b>	<b>25 414</b>	<b>25 000</b>	<b>186 887</b>	<b>403 000</b>
Oppdatert inntektsfordeling 2020 - RNB	6 771 943	3 452 376	10 859 243	2 731 217	871 006	3 360 000	28 045 786

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. juli.

Endring i pensjonskostnad hos Helse Vest IKT, Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon innanfor ei samla kostnadsramme på kr 10,4 mill.

## Oppsummering

Regjeringa la den 12. mai 2020 fram forslag til «Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2020»(Prop. 117 S 2019-2020). Budsjettet blir vedtatt av Stortinget i slutten av juni.

Helse Vest legg med dette fram forslag til endring av inntektene til helseføretaka som følgje av auka kostnad som følgje av virusutbrot samt redusert pensjonskostnad i 2020.

Det blir tatt atterhald for Stortinget sin behandling og avgjerd om revidert nasjonalbudsjett.

## Fakta

Denne saka omhandlar fordeling/justering av inntekter til helseføretaka som følgje av økonomiske konsekvens knytt til virusutbrot Covid-19 samt reduksjon i pensjonskostnad som er vedtatt i Revidert nasjonalbudsjett. I tillegg er det gjort mindre rettingar knytt til enkelte budsjettpostar i tidlegare inntektsfordeling.

## Virusutbrot:

Regjeringa vil sikre at helse- og omsorgssektoren gis muligheit til å sette i verk tiltak som er nødvendige gitt situasjonen. Spesialisthelsetenesta har sidan medio mars vridd sine ressursar mot beredskap og akutt behandling og dermed måtte redusere planlagd aktivitet betydeleg. Dette har gitt helseføretaka lågare aktivitetsbaserte inntekter. Samtidig har helseføretaka betydelig auka kostnader som følgje av situasjonen.

Dei regionale helseføretaka blei i føretaksmøtet 17. april 2020 bedt om å starte opptrapping til meir normal pasientbehandling samtidig som beredskapsplanlegging, bemanningssituasjon og smittevern blir tatt omsyn til.

Basisramma til dei regionale helseføretaka er auka med 5,5 mrd. kroner som følgje av virusutbrot. I tillegg vil arbeidsgivaravgifta midlertidig bli sett ned med 4 %-poeng for tredje termin. Dette vil gje ein samla kostnadsreduksjon på om lag 0,5 mrd. kroner. Samla sett gir dette dei regionale helseføretaka eit auka handlingsrom på om lag 6 mrd. kroner.

For Helse Vest inneber dette ei auke i basisramma på 1 037 mill. kroner

Den samla økonomiske konsekvensen av Covid-19 utgjer for eigne helseføretak om lag 536 mill. kroner etter mars og april. Det er derfor venta at den økonomiske konsekvensen i 2020 som følgje av auka kostnader og reduserte aktivitetsbaserte inntekter vil være vesentleg høgare enn ovannemnde løyving.

I revidert nasjonalbudsjett er det orientert om at regjeringa vil komme tilbake med ein vurdering av behovet for løyving som følgje av reduserte aktivitetsbaserte inntekter. Dette er ein usikkerheit som føretaka førebels må ta høgde for.

Samtidig ser administrerende direktør det som viktig at dei midla som no blir tildelt som auke i basisramma blir fordelt til helseføretaka.

Private kommersielle leverandørar kan søke om kompensasjon for omsetningssvikt gjennom den generelle kompensasjonsordninga som er oppretta for næringslivet. Det er likevel fleire uavklarte forhold som det blir jobba med og ein har ikkje tilstrekkeleg oversikt på eventuell økonomisk konsekvens av dette enno.

Private ideelle verksemdar kan ikkje nytte denne ordninga. Dei regionale helseføretaka må derfor ta omsyn til dette og gjennom samarbeid finne mest mulig lik tilnærming. Dei private ideelle inngår i same rapporteringsopplegg som eigne helseføretak, og rapporterer månadleg på økonomiske konsekvens av Covid-19. Desse verksemdene har og hatt auka kostnader, men samtidig ser ein at det er dei aktivitetsbaserte inntektene innanfor somatisk verksemd som har den største konsekvensen. Haraldsplass Diakonale Sjukehus er den av dei private ideelle som har hatt den største auken i kostnadene i tillegg til stor svikt i inntektene.

Administrerende direktør vil derfor tilrå at det no blir nytta 25 mill. kroner av løyvinga til å dekke den økonomiske effekten hos Haraldsplass. Dette er om lag same nivå som for eigne helseføretak når ein tar omsyn til størrelsen på budsjettet. Den månadlege akonto utbetalinga til dei private ideelle er elles vidareført på same nivå som ligg i bestillinga for å sikre nødvendig likviditet fram til ein har ei endeleg avklaring rundt handteringa av Covid-19 frå staten si side.

Med den usikkerheit som er knytt til den økonomiske konsekvensen hos dei andre private ser administrerende direktør det som naudsynt å halde tilbake om lag 55 mill. kroner av løyvinga til ein har fått betre oversikt over både konsekvensane samt vidare handtering av Covid-19 frå staten si side.

Helse Vest har og etablert eit regionalt lager for smittevernutstyr som blir handtert av Helse Bergen på vegne av Helse Vest RHF. Det er usikker kor stor denne kostnaden vil bli i 2020, men det er førebels haldt tilbake 100 mill. kroner for å dekke desse kostnadane.

Helse Vest har under sak 70/20 fordelt midlar i Prop. 67 (2019-2020) vedrørande økonomiske tiltak Korona med til saman 7,5 mill. kroner. Helse Vest vil i tillegg stille 1,913 mill. kroner til disposisjon til kjøp av simuleringsutstyr. Desse midlane må dekkast innanfor dei 100 mill. kronene som er haldt tilbake for å dekke regionalt lager for smittevernutstyr.

Helseføretaka rapporterer månadleg på økonomisk konsekvens av Covid-19. Det er usikkerheit knytt til rapporteringa og særleg i forhold til kva forhold som er med i talgrunnlaget. Det blir derfor vurdert som mest hensiktsmessig at midla til helseføretaka blir fordelt etter inntektsmodell.

Administrerende direktør vil med utgangspunkt i desse vurderingane føreslå følgjande disponering av auken i basisramma på 1 037 mill. kroner:

Kostnader til regionalt lager for smittevernutstyr	100 mill.
Tilbakehalde midlar til ein har nærmare avklaring rundt private	55 mill.
Fordeling til helseføretaka og Haraldsplass	882 mill.

Fordeling på det enkelte helseføretak og Haraldsplass blir då som følgjer:

Helse Stavanger	243,8 mill.
Helse Fonna	124,8 mill.
Helse Bergen	390,2 mill.
Helse Førde	98,2 mill.
Haraldsplass Diakonale sjukehus	25,0 mill.

Det vil bli gjort ei nærmare vurdering av dei tilbakehaldne midla i RHFet når ein har fått betre oversikt på dei økonomiske konsekvensane og har fått nærmare avklaring i forhold til statens vidare handtering av økonomisk konsekvens Covid-19

### Redusert pensjonskostnad:

Nye berekningar for pensjonskostnaden i 2020 viser at kostnaden for dei regionale helseføretaka vil bli redusert med 3,1 mrd. kroner i forhold til saldert budsjett 2020. Den reduserte kostnaden skuldast endringar i dei økonomiske føresetnadane som ligg til grunn for berekning av pensjonskostnad, god avkastning på pensjonsmidlane i 2019 og lågare amortiseringskostnad som følgje av handtering av planendring i 2019.

I tråd med den etablerte ordninga for handtering av pensjonskostnader blir basisramma til dei regionale helseføretaka derfor redusert med 3,1 mrd. kroner.

Reduksjonen i inntektsramma til dei regionale helseføretaka blir gjennomført i tråd med inntektsmodellen. For Helse Vest inneber dette ein reduksjon i basisramma med 634 mill. kroner.

I følgje KLP sine berekningar vil helseføretaka få følgjande reduksjon i sine pensjonskostnader i 2020:

(Tal i heile tusen kroner)	St.prp. 1 2 020	RNB 2 020	Endring vs. St.prp 1 2020
Helse Stavanger	669 448	476 534	-192 914
Helse Fonna	333 920	221 397	-112 523
Helse Bergen	1 163 412	875 383	-288 029
Helse Førde	247 983	175 238	-72 745
Sjukehusapoteka Vest	19 500	18 200	-1 300
Helse Vest IKT	63 177	57 301	-5 876
Helse Vest RHF	8 062	6 742	-1 320
Nasjonal IKT	3 000	1 100	-1 900
Sum Helse Vest	2 508 502	1 831 895	-676 607

Helse Vest har praktisert ei ordning der ein handterer dei faktiske endringane i pensjonskostnaden overfor helseføretaka. Dette inneber at når kostnaden blir lågare enn det som låg til grunn for inntektsfordelinga blir det gjort ein tilsvarende reduksjon i basisramma til føretaka.

Inntektsreduksjonen frå Staten til Helse Vest er på 634 mill. kroner medan den faktiske kostnadsreduksjonen er på 676,6 mill. kroner. Den positive forskjellen på kr 42,6 mill. blir halden til tilbake i RHFet. Som følge av Koronapandemien er det venta ein betydeleg endring i avkastning på pensjonsmidlar. Dette vil få stor innverknad på framtidig berekning av pensjonskostnad. Dette er eit forhold som helseføretaka må vere førebudd på. Helse Vest legg opp til å fortsette dagens praksis med å kompensere føretaka for faktiske endringar i pensjonskostnaden så langt det er mulig..

I statsbudsjettet for 2020 er det lagt til grunn ein pensjonskostnad for dei regionale helseføretaka på 13,0 mrd. kroner. Oppdaterte berekningar gir eit nytt anslag for pensjonskostnaden på 9,9 mrd. kroner. Dette er 3,1 mrd. kroner lågare enn tidlegare føresett og inneber at basisramma blir sett ned tilsvarande. Dette inneber og at dei regionale helseføretaka sitt likviditetsbehov blir auka tilsvarande.

Driftskredittramma blir auka med 1 959 mill. kroner. For å dekke dei regionale helseføretaka sitt likviditetsbehov blir bruken av premiefond auka med 1 mrd. kroner. Det skal ikkje betalast arbeidsgivaravgift på premie betalt gjennom premiefond. Dette reduserer likviditetsbehovet med 141 mill. kroner.

Fastsetting av ny driftskreditt til dei regionale helseføretaka vil bli gjort i føretaksmøte i juni, og endringar på helseføretaka vil dermed bli gjort administrativt med basis i vedtaket i føretaksmøtet.

### **Luftambulansen:**

Det er lagt inn ei auke i løyvinga til dei regionale helseføretaka med 22,3 mill. kroner for å dekke utgifter til ekstratiltak i luftambulansetenesta i perioden januar til april 2020. Bakgrunnen for dette er manglande regularitet i tenesta etter operatørskiftet sommaren 2019 og behovet for ekstratiltak som følge av dette.

Unytta løyvingar tidlegare år

Det er og lagt inn en reduksjon på 1 mill. kroner knytt til unytta midlar frå tidlegare år.

Det er ikkje gjort nokon fordeling av desse postane på dei regionale helseføretaka enno.

### **Tekniske korreksjonar i rammefordelinga til helseføretaka:**

I etterkant av behandlinga av Konsernbudsjettsaka 01320 i februar møtet er de oppdaga nokon mindre feil som er ønskeleg å korrigere. Dette gjeld følgjande poster i heile tusen kroner:

- Manglande prisomrekning til Kompetanse og nettverksbygging

«kropp og sjølvkjendsle»	164
- Manglande prisomrekning Nasjonale kompetanetenester Bevegelsesforstyrningar	160
- Bjørgvin fengsel, klassifisert frå basisramma til øyremerka tilskot frå staten	5 000

Desse korreksjonane og omklassifiseringa er innarbeida i vedlagt oversikt inntektsramme til helseføretaka for 2020.

### Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at det blir gjennomført ein endring i inntektsramma til helseføretaka i tråd med omtalen i denne saka.

Dette gir følgjande samla endring i inntektene til helseføretaka for 2020:

Endringar i inntektsramma for 2020 - RNB (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2020 Konsernbudsjett- sak 013/20	6 720 883	3 440 102	10 756 879	2 705 803	846 006	3 173 113	27 642 786
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Koronatilak	243 815	124 797	390 229	98 159	25 000	155 000	1 037 000
<b>Endringar i inntektsfordelinga</b>							0
Pensjon	-192 914	-112 523	-288 029	-72 745		-10 396	-676 607
Pensjon holdt tilbake i RHF						42 607	42 607
Bjørgvin fengsel (korrigerert klassifisering)			-5 000				-5 000
Kompetanse og nettverksbygging «Kropp og sjølvkjendsle» (mail fra Hans)			164			-164	0
<b>Endring øremerka tilskot</b>							0
Bjørvn fengsel (korrigerert klassifisering)			5 000				5 000
Nasjonale kompetanetenester - bevegelsesforstyrningar (korreksjon)	160					-160	0
Sum endringar	51 061	12 274	102 364	25 414	25 000	186 887	403 000
Oppdatert inntektsfordeling 2020 - RNB	6 771 943	3 452 376	10 859 243	2 731 217	871 006	3 360 000	28 045 786

**VEDLEGG**

<b>INNETEKTSFORDELING 2020 - RNB</b>	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
<b>SUM, ISF</b>	<b>2 147 378</b>	<b>1 005 440</b>	<b>3 378 252</b>	<b>682 886</b>	<b>372 077</b>	<b>-</b>	<b>7 586 032</b>
<b>SUM, basisramme fordelt etter modell</b>	<b>4 157 203</b>	<b>2 185 850</b>	<b>6 319 008</b>	<b>1 808 752</b>			<b>14 470 813</b>
<b>Kvalitetsbasert finansiering</b>	<b>20 903</b>	<b>13 842</b>	<b>43 574</b>	<b>11 046</b>			<b>89 365</b>
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)</b>	<b>436 104</b>	<b>239 451</b>	<b>1 050 459</b>	<b>207 542</b>	<b>498 929</b>	<b>3 360 000</b>	<b>5 792 486</b>
<b>Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>	<b>10 356</b>	<b>7 794</b>	<b>67 949</b>	<b>20 992</b>			<b>107 091</b>
<b>SUM, inntekt 2020 fordelt frå RHF</b>	<b>6 771 943</b>	<b>3 452 376</b>	<b>10 859 243</b>	<b>2 731 217</b>	<b>871 006</b>	<b>3 360 000</b>	<b>28 045 786</b>
<b>*) Spesifikasjon av postar utanfor modell</b>	<b>Helse Stavanger</b>	<b>Helse Fonna</b>	<b>Helse Bergen</b>	<b>Helse Førde</b>	<b>Haralds-plass</b>	<b>Helse Vest RHF</b>	<b>SUM</b>
Inntektsramme Helse Vest RHF					473 929	3 360 000	3 833 930
Internt lab-/røntgenoppgjær	-7 869	-12 211	28 932	-8 852			0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			15 138				15 138
Strukturtilskot		32 229		66 645			98 875
Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR	69 800	41 355	85 258	26 516			222 928
LAR Helse Bergen			6 303				6 303
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			12 605				12 605
Nevrokirurgisk verksemd			8 675				8 675
PET-senter	14 532						14 532
PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt)			7 509				7 509
Pensjonskostnad (konsernbudsjettsaken)	759 285	423 602	1 328 700	308 577			2 820 164
Reduksjon i pensjon 2016	-240 600	-131 400	-412 700	-96 800			-881 500
Reduksjon i pensjon 2017	-12 400	-9 500	-34 800	-6 700			-63 400
Reduksjon i pensjon 2017 - RNB	-27 600	-24 700	-22 400	-19 800			-94 500
Reduksjon i pensjon 2018 - RNB	-44 200	-36 800	-89 700	-28 200			-198 900
Økning i pensjon 2019 vs. RNB	12 500	4 500	9 700	3 400			30 100
Økning i pensjon 2019 - RNB	44 200	23 800	76 300	14 200			158 500
Ending i pensjon 2020 vs. RNB2019	-5 800	2 100	9 100	-1 200			4 200
<b>Økning pensjon 2020 - RNB</b>	<b>-192 914</b>	<b>-112 523</b>	<b>-288 029</b>	<b>-72 745</b>			<b>-666 211</b>
Tilskot til utdanning	16 739	8 377	143 840	6 342			175 298
Kompetansenester:							
Regionale kompetansenester (NY FORDELING)	15 383		44 710				60 093
Nasjonale kompetansenester finansiert av rammen			11 007				11 007
Tidlegare kompetansenester overført til drift			6 658				6 658
Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma		919	3 683				4 601
Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip			6 897				6 897
Regionalt tverrfagleg kompetansmiljø for astma og allergi			946				946
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	8 845			8 845			17 689
<b>Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyring</b>			<b>1 500</b>				<b>1 500</b>
Pasienttransport	10 230	10 182	13 046	13 860			47 317
Regional vurderingseining for rehabilitering			5 196				5 196
Utanlandsbehandingar - overf. frå RHF			32 859				32 859
Nye nasjonale behandlingstenester			6 618				6 618
Helseradionett	157	165	178	240			740
Døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane	0	0	0	0			0
ME-poliklinikkar Stavanger og Bergen	1 221		1 221				2 441
Utdanningsstillingar geriatri	2 521						2 521
Legeambulans		4 882					4 882
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			549				549
Overgangsordning Brystrekonstruksjon (50% av 2013 nivå)			0				0
Etablering av soningsseining for dei under 18 år			1 253				1 253
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 388				2 388
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	879		879				1 757
System for innføring av nye metoder			1 677				1 677
Helse-Atlas				3 444			3 444
Fritt behandlingsvalg Somatikk	4 748	2 753	6 647	1 777			15 925
Fritt behandlingsvalg Psykiatri/rus	14 013	7 067	17 751	4 108			42 939
Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli			-16 073				-16 073
Ny nasjonal teneste			1 852				1 852
Pasient og pårørendeopplæring		1 341					1 341
Barn som pårørende	473	3 669	3 787	473			8 402
Bibliotektenester Helse Stavanger	-5 480						-5 480
Pasientrapporterte data			559				559
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 343		1 221				2 563
Drop outs	2 377						2 377
Overføring pasienter frå Gulen (Bergen/Førde)			12 297	-12 297			0
Uttrekk MVA (basert på mva-kartlegging)	-312 699	-144 909	-496 832	-114 402			-1 068 842
Arbeidsmedisinsk avdeling ("raskere tilbake")			7 825				7 825
Helse og arbeid	15 518	8 075	24 377	6 459			54 428
Revmatologi	10 155	-5 155					5 000

Stifinnar-prosjektet			2 122				2 122
Virksomhetsovertakelse TSB - manglende prisjustering overtakelsesår			5 378				5 378
Virksomhetsovertakelse TSB - basisdel ISF			953				953
Virksomhetsovertakelse TSB - MVA reduksjon			-5 017				-5 017
Virksomhetsovertakelse TSB - Intern bruk			10 123	-10 123			0
Regionalt utdanningssenter	530	530	4 402	530			5 993
RegSim	3 093	309	309	309			4 021
Sekretariat samarbeidsorgan			928				928
Regionalt biobankarbeid m.m			1 010				1 010
Björgvin fengsel			0				0
Omlagging av rutinar for fylkesandelsoppgjær laboratorie	25 425	14 599	35 536	9 373			84 934
Transporttilbod psykisk sjuke	1 385	695	1 758	405			4 244
Prostatacenter	1 836		1 836				3 672
Intensiv språktrening	2 990		4 227				7 217
Tvungen omsorg for psykisk utviklingshemmede	1 407	702	1 786	405			4 300
Regional monitoreringsteneste			2 062				2 062
Intensivambulanse Stavanger	270						270
Auka ramme i 2020 som følgje av Covid-19	243 815	124 797	390 229	98 159	25 000		882 000
Nasjonale behandlingstenester			3 712				3 712
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				4 592			4 592
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell</b>	<b>436 104</b>	<b>239 451</b>	<b>1 050 459</b>	<b>207 542</b>	<b>498 929</b>	<b>3 360 000</b>	<b>5 792 486</b>
	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
<b>Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>							
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift	Kap. 732.70	0	7 794	581	20 992		29 367
Nasjonale kompetansenester	Kap. 732.78	3 656		31 638			35 294
Heroinassistert rehabilitering	Kap. 732.70			3 530			3 530
<b>Björgvin fengsel</b>				<b>5 000</b>			
Vidareutvikle avansert heimesjukepleie for barn	Kap. 732.70	6 400					6 400
Protosenter	Kap.732.81			24 000			24 000
Forsøksordning tannhelseteneste	Kap. 770.21	300		2 100			2 400
Landsdekkende modell for rettspsykiatri				1 100			1 100
<b>Sum øymerkte midlar frå HOD</b>	<b>10 356</b>	<b>7 794</b>	<b>67 949</b>	<b>20 992</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>102 091</b>
<b>SUM, tildelt inntekt 2020 frå RHF</b>	<b>6 771 943</b>	<b>3 452 376</b>	<b>10 859 243</b>	<b>2 731 217</b>	<b>871 006</b>	<b>3 360 000</b>	<b>28 045 786</b>
<b>Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjær:</b>							
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjær	-200 053	-68 455	-130 608	-67 429			-466 545
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	53 357	7 403	148 345	20 962			230 066
Kostnad, rus gjestepasientar (estimat)	-14 156	-10 983	-32 949	-4 515			-62 603
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat)	-16 230	-12 813	-36 610	-8 298			-73 952
Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat)	-7 681	-8 534	-8 534	-4 877			-29 627
<b>SUM, inntektsramme i HF-a</b>	<b>6 587 181</b>	<b>3 358 993</b>	<b>10 798 886</b>	<b>2 667 060</b>	<b>871 006</b>	<b>3 360 000</b>	<b>27 643 125</b>